

Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021

Budsjett 2021 Mindre utbetringer - fordeling av løyving til samarbeidstiltak/spleiselasg

Forslag til vedtak

Ufordelt løyving på 7 mill. kr vert fordelt slik:

Område/veg	Beløp i 1 000 kr
Fv. 560 Strekninga Eidespollen-Kørelen, Øygarden kommune	3 500
Fv. 5120 Norheimsund (m4504-4933), Kvam kommune	3 000
Fv. 5715 Holvika, Kinn kommune	500
SUM	7 000

Samandrag

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok i sak 17/2021 Budsjett 2021 Fordeling av løyving til mindre utbetringer å setje av 7 mill. kr til samarbeidstiltak/spleiselasg. Løyvinga vil gjere det mogleg å gjere tiltak på fylkesveg i samband med prosjekt i kommunal og privat regi. Fylkesdirektøren tilrår å prioritere midlane til tre prosjekt i Øygarden, Kvam og Kinn kommune, jf. vedtak.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Einar Kvam
sekjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok i sak 17/2021 Budsjett 2021 Fordeling av løyving til mindre utbetringar å setje av 7 mill. kr til samarbeidstiltak/spleiselas. Bakgrunnen for denne potten var at fylkeskommunen allereie var i dialog med nokre kommunar om aktuelle samarbeidsprosjekt. I denne saka vert desse prosjekta presentert og fylkesdirektøren tilrår å løyve midlar til desse prosjekta.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet skal i denne saka gjere vedtak om fordeling av denne løyvinga på ulike prosjekt.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

Vurderingar og verknader

Løyvinga vil gjere det mogleg å gjere tiltak på fylkesveg i samband med prosjekt i kommunal og privat regi. I det følgjande er det gitt ein nærmare omtale av dei prioriterte tiltaka:


Fv. 560 Strekninga Eidespollen-Kørelen, Øygarden kommune

Øyvar AS skal etablere ein ny vassleidning på strekninga Eidespollen og Kørelen på fv.560. Strekninga er belasta med tungtransport m.a. til fiskeindustrien på Glesvær. ÅDT på strekninga er omlag 5100 kjt/d og har ein andel på 7% lange køyretøy. Strekninga er ferdig regulert med vegutviding og fortau, som var ein del av prosjektet trafikksikring mellom Eide og Spildepollen tilbake til ca. 2017, men vart teke ut av prosjektet grunna manglande finansiering.

Øyvar AS ønskjer eit samarbeid med fylkeskommunen for å leggje vassleidninga i/langs eksisterande veg.

Ved å inngå i eit samarbeidsprosjektet med Øyvar AS vil vi kunne få utbetra ei strekning på 160 meter med masseutskifting og utviding av vegbreidde til 10 meter og fortau. Då ligg det inne med ny overbygning over hele profilet.

Fylkeskommunen sitt bidrag i prosjektet er knytt til deling av riggkostnader og trafikkavvikling. Kostnaden med dette er berekna til omlag 3,5 mill. kr. Øyvar AS vil dekkjer kostnader knytt til grunneverv, grøntarbeid og masseutskifting. Prosjektet vert gjennomført av Øyvar AS.




Figur 2: Kartutsnitt over aktuelt område på strekninga
Fv. 560 Eidespollen-Kørelen.

Fv. 5120 Norheimsund (m4504-4933), Kvam kommune

Kvam herad held fram med sanering av kommunal infrastruktur for vatn og avlaup (V/A) på Nordheim. Tiltaket er delt inn i tre byggetrinn. Hordaland fylkeskommune har tidlegare løyvd 1 og 2,5 mill. kr til høvesvis byggjetrinn 1 og 2. Desse to byggetrinna er ferdig. Prosjektet er byggjetrinn 3 som er eit større prosjekt for å sanere V/A i området. Store deler av V/A ligg i fv. 5120, og tiltaket krev store inngrep i om lag 400 m av fylkesvegen. Dette resulterer i at det vert etablert ny infrastruktur og overvasshandtering, massar vert skifta i vegkropp, det vert lagt ny asfalt og oppføring av 9 nye veglys.

Ved å inngå eit samarbeidsprosjekt med Kvam herad vil fylkeskommunen på fylkesvegen få betre handtering av overvatn, betre vegkropp og nye veglys.

Kvam herad har utarbeida eit kostnadsoverslag på tiltaket til 9,7 mill. kr for den delen av prosjektet som er knytt til fylkesveg 5120. Vestland fylkeskommune bidreg med 3 mill. kr inn i tiltaket utover sjølve V/A grøfta.



Fv. 5715 Holvika, Kinn kommune


Kommunen skal leggje VA-anlegg i området. Store delar av fylkesvegen vert påverka når kommunen og andre aktørar skal leggje sine røyr og kablar i bakken.

Fylkeskommunen har ein del gamle overvasskummar som er aktuelt å skifte ut i samband med gravearbeidet. I tillegg gir det og mogelegheit for utskifting av gatelysanlegg, samt siktutbetring i krysset opp mot bustadfelt i Holvik.

Kommunen ynskjer å få til gangveg/fortau langs delar av vegen, dersom kostnadene ikkje vert for høge.

Fylkeskommunen bidreg med 0,5 mill. kr inn i tiltaket. Då får fylkeskommunen oppgradering av overvasskummar, oppgradert gatelysanlegg og betre sikt i krysset opp til bustadfelt.

Det er ikkje presentert ei gjennomføringsavtale for kommunen endå, da avklaring kring fylkeskommunen sitt bidrag inn i tiltaka er avgjерande for korleis avtala vert.

**Økonomi:**

Saka omhandlar fordeling av løyving til mindre utbetringer i investeringsbudsjettet for 2021.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: Ikke relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikke relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren legg med dette fram forslag til fordeling av ufordelt løyving til mindre utbetringer, jf. vedtak.